

SAK 13/25 REGIONAL SAMHANDLING - FOKUS PÅ SAMARBEID OG KOMMUNIKASJON

Saksopplysning:

Regionalt samhandling i Hallingdal handlar om at me har felles mål, behov eller utfordringar som skal løysast i fellesskap.

I første økt skal me ha fokus på samarbeid, kommunikasjon og relasjon. Korleis er samarbeidet i dalen korleis kommuniserer me med kvarandre, med naboen, på tvers av fag og kommunegrenser, mellom offentleg og privat, mellom politikk og administrasjon. Det blir ein oppfølging etter leiarsamlinga på Storefjell i september. Dei som var der fekk med seg eit godt sitat frå filosofen Arne Ness: **«I en atmosfære av vennlighet kan man tåle mye fra andre.»**

Me skal jobbe litt med korleis ein kan oppnå «denne atmosfæren»



Me ønskjer også å ta opp att spørsmåla i «Distriktssenteret sin samarbeidstest» som me gjennomførte på Hallingtinget for eit år sidan for å få ein peikepinn på korleis det står til med det regionale samarbeidet. Her er spørsmåla som vart drøfta:

1. Det regionale samarbeid er prega av god tillit mellom dei sentrale aktørane
2. Leiarane i Hallingdal har evne og vilje til å utnytte potensialet i hele regionen
3. Det regionale samarbeidet er godt nok forankra
4. Me er alle enige om dei felles utfordringane som ligg til grunn for samarbeidet
5. Partane i samarbeidet har same målforståing
6. Alle dei viktige aktørane er med i det regionale samarbeidet
7. Det regionale samarbeidet har lukkast med å få fram nytten for næringslivet
8. Me er dyktige på å følge opp regionale planar
9. I samarbeidet er me gode til raskt å utnytte dei moglegheitene som dukkar opp
10. Vårt regionale samarbeid er driven av begeistring og entusiasme

Deltakarane på Hallingtinget i 2024 satt saman kommunevis og skulle og sette ein score på spørsmåla med score 1 om ein er heilt ueinig, 2 om ein i stor grad ueinig osv. opp til score 6 som er heilt einig. Her er svar pr. kommunegruppe og totalscore

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	totalt
Hol	4,5	4	5	3	5	5	4	5	6	5	46,5
Ål	4	5	5	4	5	6	4	4	6	5	48
Gol	4	4	5	5	4	6	4	5	5	4	46
Hemsedal	4	4	5	5	4	3	4	3	5	4	41
Nesbyen	3	2	4	3	2	5	3	2	5	2	31
Flå	6	3	3,5	6	3	6	5	3,5	4	3	43
tot	25,5	22	27,5	26	23	31	24	22,5	31	23	255,5
Snitt	4,3	3,7	4,6	4,3	3,8	5,2	4,0	3,8	5,2	3,8	42,6

Det vart den gongen konkludert med at det er umogeleg å slå fast korleis det regionale samarbeidet er ut frå ein slik test, men gir nokre tendensar og eit grunnlag som kan jobbast vidare med. Så er spørsmålet har synet på regionalt samarbeid endra seg?

Forslag til vedtak

Saka blir lagt fram utan vedtak

Hallingdal 22. okt 2025

Jan Olav Helling
Dagleg leiar